



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Martin Søgner, 5764 3079  
Magnus Johan Steinsvåg 5557 2325

## Uttale - landbruksveg - Austrheim - 156/12 og 156/24

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 3 på gnr. 156. bnr. 12 og 24 i Austrheim kommune. Viser også til vår uttale av 4. mai 2023 og melding om tilleggsuttale til denne.

Vi var på synfaring på staden saman med representantar frå Austrheim kommune, vegsøkjjar Odd Haugen og Naturvernforbundet Nordhordland ved Jan Nordø den 10. mai 2023.

Vegen er planlagd med 1170 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gi tilgang til 252 dekar. Interesser i vegen er opplyst å vere 100 prosent jordbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* § 3-1, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*»

Vidare seier Landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd at "Når saken er ferdig forberedt, skal kommunen enten fatte vedtak om å godkjenne veiutforming, bygging eller ombygging, sette vilkår for godkjenning, jf. § 3-3, eller nekte hele eller deler av veianlegget bygget eller ombygget. Vedtaket må bygge på at de landbruksressurser veien har betydning for skal kunne brukes på en rasjonell og regningsvarende måte."

Ein del av bakgrunnen for synfaringa er at Statsforvaltaren har fått inn nye konkrete opplysningar om førekomst av freda rovfugl i influensområdet for den planlagde vegen. Registreringane er dokumenterte og er av ein slik art at det må vektast tungt i vidare sakshandsaming av landbruksvegsøknaden. Slik landbruksvegsøknaden framstår no, vil den med stort sannsyn ha konsekvensar for rovfuglen. Vi sender over kart med meir detaljar om registreringane i eigen oversending då slike opplysningar om sensitive artar er ikkje offentlege jf Offentleglova § 24 siste ledd.



Under synfaringa gjekk vi først inn Lienvegen på eigedom 156/12 som vart gitt løyve til i 2020. Landbruksvegen det no er søkt om er tenkt å fortsetje frå Lienvegen.

På synfaringa vart det klart at delar av den omsøkte vegen (om lag 180 meter) allereie er bygd. Det er også gjort inngrep i samband med kryssing over eit myr – og våtmarksområde. Den sterkt trua sommarfuglen breibåndpraktviklar er registrert her. Gjennomføring av slikt tiltak utan løyve er svært uheldig og undergrev søknadsplikten og føremålet med høyring og rettleiing i samband med landbruksvegar.

Langs dei første 150 meterane av den ulovleg bygde vegen ber det preg av å vere massetak kombinert med bakkeplanering? Eit vedtak etter landbruksforskrifta bør også definere øvre ramme for vegen (breidde, skjeringshøgde, omfang) slik at ein ikkje går ut over kva som er løyvd. Dette er også viktig for at aktuelle høyringspartar skal ha korrekt situasjonsforståing når ein uttalar seg om natur, kulturminner og liknande i samband med landbruksvegsøknad.

Det kjem fram i søknaden at vegen mellom anna skal brukast i samband med opparbeiding av eit beite. I 2022 hadde samdrifta som søkar er med i 50 ammekyr og 78 øvrige storfe. Vegen det blir søkt om er planlagd utarbeid etter vegklasse 3, så det er tale om ein kostbar veg. Det bør vurderast å planlegge vegen etter ein enklare standard enn vegklasse 3, då formålet er å opparbeide eit innmarksbeite. Det skal også anleggjast eit massetak knytt til vegen med eit stipulert uttak på 30 000 m<sup>3</sup>. Dersom massane er tenkt brukt andre stadar enn i forbindelse med bygging og vedlikehald av veganlegget og eventuelle tilgrensande vegar, må det søkast i medhald av plan- og bygningslova. Trong for eit slikt massetak for å realisera landbruksvegen må dokumenterast betre. Vi vil peike på det grunnleggande kravet i landbruksvegforskrifta, at landbruksverksemd skal utgjere hovudformålet med vegen. Er det tilfelle for denne vegen?

Vi minner avslutningsvis om at alle offentlege avgjerder som kan få følgjer for natur skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vi ber om å få kopi av vedtaket i saka.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Martin Søgner  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

NATURVERNFORBUNDET  
NORDHORDLAND

c/o Jan Nordø Hoplandssjøen  
74

5943 AUSTRHEIM